



Lagbilde ved sesongstart. (Foto: Rosendal TL)

A-laget til Rosendal Turnlag har som kjent hatt ein svært tung start på sesongen i 6.divisjon. Utan siger og med eitt fattig poeng etter 5 kampar. Etter dette melde trenaren Ivar Gundersen frå om at han trekte seg frå trenaroppgåva. 2. pinsedag var det ny kamp, og laget viste nye takter.

Rosendal møtte Eikelandsfjorden på heimebane, og spelararane inviterte til målfest og storsiger. Motstandarane som ligg midt på tabellen vart påført sitt største tap for sesongen då dei måtte reise heim etter resultatet 7 - 1 til Rosendal. Det var 4 uskedelingar på laget: Hans Fredrik Zimmer, Dag Rune Myklebust, Hermund Døssland og Sondre Myklebust. Kampens store spelar var den målfarlege spissen Asmir Jakupovic som scora heile 5 mål. Simon Kortilla sette inn dei to andre måla.

Med denne sigeren rykte Rosendalslaget forbi 3 lag på tabellen, og den nye trenarduoen Kjetil Helvik og Tom Enes fekk såleis ein god start.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.